



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**
Statsråden

INNHERRED SAMKOMMUNE

01 OKT 2008

Kommunane og fylkeskommunane

Dykkar ref

Vår ref
08/2044-3 SDA

Dato

01 OKT 2008

Tilskot til lokale folkevalde grupper

Kommunal- og regionaldepartementet har i Kommuneproposisjonen 2009 (St.prp. nr. 57 (2007 – 2008)) orientert om at ordninga med øyremerka statleg støtte til lokale folkevalde grupper er avvikla.

Støtta er no innlemma i dei frie inntektene, og det er opp til kommunar og fylkeskommunar sjølve å vurdera storleiken på denne. Dette er i tråd med føresetnadene i partilova. Lova slår fast at støtte til lokale grupper skal verta gjeve i høve til den oppslutnaden dei fekk ved valet. Partilovnemnda, som tolkar føresegnene i partilova, har vurdert at lova ikkje er til hinder for at noko av denne støtta kan verta gjeve i form av eit flatt, ikkje-differensiert, grunntilskot. Det er lagt til grunn at denne delen som eit utgangspunkt ikkje må vera meir enn 10 prosent av samla støtte. Partilovnemnda har likevel lagt til grunn at denne delen kan aukast til 20 prosent, dersom eit samrøystes kommunestyre eller fylkesting vedtek det.

Eg vil understreka at det er særskilt viktig for lokaldemokratiet at dei lokale folkevalde gruppene vert tildelt økonomisk støtte i tråd med føresetnadene i partilova. I debatten om fordelinga av økonomiske ressursar er det viktig å ha auge for at òg dei folkevalde får moglegheiter til å kunne utøva funksjonane sine på ein god måte. Kommunestyra og fylkestinga bør difor passa på å vedta støtteordningar som sikrar at alle gruppene får rimelege arbeidstilhøve.

Med helsing

for Magnhild Meltveit Kleppa

Dag-H. Sandbakken

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40
Org.nr.: 972 417 858